

Elin Legland attvalt i Sp

28.11.2009



Senterpartiet er godt nøgd med Elin Legland. Torsdag vart ho attvalt til leiar i partiet.

Senterpartiet i Kvinnherad er godt nøgd med å ha Ljosneskvinnen Elin Legland som leiar. På årsmøtet i rådhuset torsdags kveld vart ho attvalt til partileiar. Ho tar såleis fatt på sitt tredje leiarår. Ved sida av det er den aktive kvinnen med i styret i Hordaland Senterparti - studieleiar.

Gruppeleiar Knut Prestnes skryt nesten uhemma av den gode leiaren deira. Både han og andre senterpartimedlemmer er svært nøgd med Legland. -Ho er ansvarsfull, kreativ, kunnskapsrik og villig til å bruka mykje tid på partiarbeidet. Og ho er glødande engasjert lokalpolitisk med gode meininger, seier Prestnes. Det var ikkje så mange som møtte på årsmøtet, men Legland seier til uskedalen.no at medlemstalet er aukande i lokalpartiet. Særslig glad er ho for at det er kome to ungdommar, Kjetil Mehl og Anders Løyning, i styret. Styret vil arbeida vidare med å auka medlemstalet. Ei viktig sak for Kvinnherad Senterparti har sidan før kommunevalet for over to år sidan vore å sjå på skulestrukturen i kommunen. Partiet meiner at å slå saman enkelte skular vil det gjeva ei økonomisk sparing og framleis gode skular. Årsmøtet diskuterte dette og meiner at no må dette gjennomførast før ein ser vidare framover på skulesektoren. Situasjonen ved Sør-Norge Aluminium var også oppe til drøfting på årsmøtet. Legland og Prestnes seier at dei vil ta kontakt med Senterpartimedlemmer på Stortinget og i departementa for å fremja eit positivt Søralsyn. Torfinn Myklebust